

Rammeplan for 4-årig

# **ALLMENN LÆRER- UTDANNING**

**Fastsatt 1.07.99 av  
Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet**



# INNHold

INNHold .....	3
<b>1. LÆRARUTDANNING .....</b>	<b>4</b>
1.1 DEI ULIKE UTDANNINGSVEGANE .....	6
1.2 FRÅ BARNEHAGE TIL VAKSENOPPLÆRING .....	7
1.3 Å VERE LÆRAR .....	13
1.4 OPPGÅVER OG MÅL FOR LÆRARUTDANNINGA .....	18
<b>2. ALLMENNLÆRERUTDANNING .....</b>	<b>24</b>
2.1 FORMÅL OG EGENART .....	26
2.2 OPPTAK OG STARTNIVÅ .....	27
2.3 OPPBYGGING OG ORGANISERING .....	27
2.4 VEILEDNING OG VURDERING .....	32
2.5 FRITAK .....	34
2.6 FRA RAMMEPLAN TIL FAGPLAN .....	35
<b>3. RAMMEPLANER FOR DE ENKELTE STUDIEENHETENE .....</b>	<b>38</b>
3.1 PEDAGOGIKK .....	39
3.2 PRAKSISOPPLÆRING .....	47
3.3 ENGELSK .....	55
3.4 HEIMKUNNSKAP .....	61
3.5 KRISTENDOMSKUNNSKAP MED RELIGIONS- OG LIVSSYNSORIENTERING .....	74
3.6 KROPPSØVING .....	88
3.7 KUNST OG HÅNDVERK .....	101
3.8 MATEMATIKK .....	113
3.9 MUSIKK .....	124
3.10 NATUR- OG MILJØFAG .....	135
3.11 NATUR, SAMFUNN OG MILJØ .....	145
3.12 NORSK .....	153
3.13 SAMFUNNSFAG .....	163
3.14 DRAMA SOM METODE .....	170
<b>4. FORSKRIFT OM FAGLIG INNHold OG VURDERINGSORDNINGER FOR ALLMENNLÆRERUTDANNINGEN .....</b>	<b>174</b>

# **1. LÆRARUTDANNING**



## 1.1 DEI ULIKE UTDANNINGSVEGANE

Pedagogisk arbeid i barnehage, grunnskole, vidaregåande opplæring og vaksenopplæring krev lærarar med solid profesjonell kompetanse på ei rekkje område. For å ivareta alle desse områda finst det fleire typar lærarutdanning. Dei ulike lærarutdanningstypane har mykje til felles, men utdanningsvegane skil seg frå kvarandre m.a. ved korleis dei rettar seg mot arbeid i ulike delar av opplærings-systemet og ved ulik vekt på fagleg breidd eller fordjuping.

*Førskolelærerutdanninga* er ei treårig utdanning som kvalifiserer for pedagogisk arbeid i barnehage, med 6-åringar i grunnskolen og med barn på tilsvarande utviklingstrinn i andre institusjonar og i skolefritidsordningar. Utdanninga omfattar pedagogisk teori og praksis og fagleg-pedagogiske studium i ei rekkje fag. Den fagleg-pedagogiske delen inneheld også ei valbar fordjuping i eitt fag, fagområde eller arbeidsområde. Det blir som regel lagt stor vekt på tverrfagleg organisering av utdanninga. Med eitt års vidareutdanning retta mot arbeid med barn i alderen 6-9 år, kan førskolelærarar tilsetjast for arbeid på heile småskoletrinnet i grunnskolen.

*Allmennlærerutdanninga* er ei fireårig utdanning som i hovudsak er retta mot pedagogisk arbeid i grunnskolen, og som m.a. førebur for klasselærafunksjonar. Ho kvalifiserer også for undervisning av vaksne i grunnskolefag. Utdanninga består av ein obligatorisk kjerne med pedagogikk, praksisopplæring og sentrale grunnskolefag, der fagstudium er kombinert med fagdidaktikk. Utdanninga gir i det fjerde året høve til å velje emne som rettar seg mot ulike fag og fagområde, mot spesielle arbeidsoppgåver eller mot spesielle trinn i grunnskolen.

*Faglærerutdanninga* er til vanleg treårig og omfattar fleire spesialiseringar med stor grad av fagleg fordjuping. Studiet omfattar pedagogikk, praksisopplæring og fagstudium som i hovudsak er konsentrerte til eitt eller nokre få fag eller fagområde. I fagstudiet inngår fagdidaktikk. Utdanninga kvalifiserer for undervisning på mellom- og ungdomstrinnet i grunnskolen, i vidaregåande opplæring, i ulike typar vaksenopplæring og i anna frivillig opplæring. For nokre fag og fagområde, særleg i praktiske og estetiske fagområde, kvalifiserer utdanninga også for småskoletrinnet.

*Yrkesfaglærerutdanninga* er treårig. Hovudmodellen byggjer på generell studiekompetanse, fagbrev, sveinebrev eller tilsvarande yrkesutdanning frå vidaregåande opplæring og praksis frå yrkeslivet. Den treårige utdanninga omfattar pedagogikk, praksisopplæring, ein fagleg del og fag- og yrkesdidaktikk. Desse til saman gir yrkesfaglærarane ein felles basis og utdanning både i breidda og djupna. Denne utdanninga gir grunnlag for pedagogisk arbeid i vidaregåande opplæring og vaksenopplæring, og kan gi kompetanse for å undervise i enkelte fag på mellom- og ungdomstrinnet i grunnskolen.




*Praktisk-pedagogisk utdanning* er ei eittårig utdanning der studentar som har fullført ulike fagstudium, kan kvalifisere seg for lærargjeringa. Denne lærarutdanninga byggjer på studium av universitets- og høgskolefag eller på ei yrkesutdanning kombinert med yrkest teori og praksis frå yrkeslivet. Praktisk-pedagogisk utdanning omfattar pedagogikk, praksisopplæring og fag- eller yrkesfagdidaktikk. Lærarar som

tek praktisk-pedagogisk utdanning, har vanlegvis ei utdanning med stor grad av fagleg fordjuping. Utdanninga kvalifiserer m.a. for arbeid med enkeltfag på mellomtrinnet, på ungdomstrinnet i grunnskolen, i vidaregåande opplæring og i vaksenopplæring.

*Samisk førskolelærerutdanning og samisk allmennlærerutdanning* er i hovudtrekk oppbygd og organisert som anna førskole- og allmennlærerutdanning, men har lagt stor vekt på samisk språk og kultur. Samisk lærerutdanning har som mål å utdanne lærarar for det samiske samfunnet. Utdanninga skal leggje til rette for at samiske elevar skal kunne bevare og vidareutvikle sitt språk, sin kultur og sitt samfunnsliv. Lærerutdanninga gir fullverdige og likeverdige kvalifikasjonar for å arbeide som lærarar både i det samiske samfunnet og i storsamfunnet. Fordi Noreg har den største delen av den samiske befolkninga i Norden, har vi eit spesielt ansvar for den samiske befolkninga. Derfor er samisk lærerutdanning lagt til rette også for studentar frå Sverige og Finland.

Eit særtrekk ved norsk lærerutdanning er ulike lærerutdanningstypar som gir overlappende mogelegheit for tilsetjing i forskjellige delar av opplæringssystemet. Tabellen som følgjer, viser arbeidsområde og tilsetjingsmogelegheter for ulike lærarkategoriar.

	Barnehage 0-5 år	Småskoletrinn 6-10 år	Grunnskole mellomtrinn 10-13 år	Ungdomstrinn 13-16 år	Vidaregåande opplæring 16-18 (19) år
Førskolelærarar					
Allmennlærarar					
Faglærarar					
Prakt ped utd: - allmennfag - yrkesfag					

	Utdanninga er generelt sikta mot
	Mogeleghet for tilsetjing dersom læraren har spesielle fag eller ei spesiell utdanning (m.a. vidareutdanning)
	Tilsetjing avgrensa til nokre fag

Innanfor gjeldande forskrifter for tilsetjing er ein slik overlappende kompetanse meint å gi skoleeigarar den nødvendige fridomen til å setje saman lærarkollegium med utgangspunkt i behova ved den enkelte skolen.

Lærerutdanninga er ein del av Noregsnettet for høgre utdanning. Det inneber at utdanninga ved dei ulike lærerutdanningsinstitusjonane har klare fellestrekk som er med på å sikre enkle overgangar mellom institusjonane. Samtidig er institusjonane ulike ved at dei har kvar sin faglege profil og kvar sine faglege spesialitetar. Dette fører til mangfald og gir mogelegheter for fagleg og pedagogisk spesialisering for studentar som ønskjer det.

## 1.2 FRÅ BARNEHAGE TIL VAKSENOPPLÆRING

Lærerutdanningsinstitusjonane har eit hovudansvar for å dekkje samfunnet sitt behov for kvalifiserte lærarar som kan arbeide med sikte på å realisere dei intensjonane og måla som er gitte for verksemda i opplæringssektoren. Dei ulike utdanningsvegane til læraryrket ber preg av særtrekk ved det nivået i opplæringssektoren som studentane blir utdanna for. Pedagogisk arbeid har likevel mange og klare likskapar på tvers av område og nivå. Det som er felles for alt lærararbeid, må derfor gjenspeglast i all lærerutdanning. Nokre viktige perspektiv på opplæring som bør inngå i alle former for pedagogisk verksemd, kan samanfattast slik:<sup>1</sup>

## Livslang læring

Kvar generasjon må få den opplæringa som skal til for å kunne ta hand om sitt eige liv, meistre oppgåver saman med andre og ta ansvar i heim, yrke og samfunn. Opplæringa skal leggjast til rette med tanke på eit livslangt læringsperspektiv. God samanheng mellom barnehage, grunnskole og vidaregåande opplæring og mellom grunntdanning og etter- og vidareutdanning vil hjelpe til med å leggje forholda til rette for eit livslangt læringsløp. Dei ulike trinna i opplæringa, frå barnehage til vaksenopplæring, vil ha ulikt innhald og byggje på ulike tradisjonar, men skal samla utgjere ein heilskap. Opplæringa må på alle trinn motivere for vidare læring og utvikling.

Barnehagen er frivillig, men dei fleste barn har gått i barnehage eitt eller fleire år før skolestart. Måla og innhaldet for verksemda er omtala i rammeplan for barnehagen. Planen byggjer på ein pedagogikk som gir barn stor fridom i lek og utfalding, og som sameinar omsorg, tilsyn og læring. Barnehagen skal vere tilpassa lokale forhold, og skal gi gode og trygge vilkår for utvikling og aktivitetar i nær forståing og i nært samarbeid med heimen. Han skal avspegle dei verdiar og den kultur samfunnet byggjer på, og vise respekt for verdigrunnlaget i heimen. Barnehagen legg vekt på vekst og utvikling hos det enkelte barn. Det er lagt stor vekt på å utvikle basiskompetanse i sosialt samspel og kommunikasjonsevne. Læring i barnehagen går føre seg i uformelle kvardagsaktivitetar, men også i situasjonar styrde av vaksne. Mykje av opplæringa har samanheng med fag som barna seinare vil møte i skolen.

Grunnskolen omfattar alle barn i alderen 6-16 år. I læreplanverket for den 10-årige grunnskolen og det samiske læreplanverket står overordna mål, prinsipp og retningslinjer for opplæringa. Planverket inneheld også læreplanar for faga. Samtidig som læreplanverket er fagdelt, skal ein stor del av arbeidet gå føre seg på tvers av fag. Det er lagt vekt både på temaorganisering av innhald og på prosjektarbeid. Grunnskolen har fått eit klart medansvar for oppvekstmiljøet til barn og unge, m.a. har den fått ansvar for å gi barn i alderen 6-9 år tilbod om omsorg og tilsyn ut over skoledagen og skoleåret i den grad barna og foreldra ønskjer det. Arbeidet i

---

<sup>1</sup> I det følgjande er ordet elev nytta om barn og unge i barnehage, grunnskole og vidaregåande opplæring og vaksne i vaksenopplæring. Foreldre er nytta som nemning både på foreldre og andre føresette. Ordet opplæring omfattar barnehage, skole og bedrift, og ordet lærar omfattar førskolelærar, allmennlærar, faglærar og lærar med praktisk-pedagogisk utdanning i allmennfag eller i yrkesfag.



grunnskolen er organisert i tre hovudtrinn, kvart med sitt særpreg både når det gjeld innhald og arbeidsmåtar. Med tanke på å sikre gode overgangar for elevane er det viktig å ivareta samanhengen mellom desse hovudtrinna, mellom barnehage og grunnskole og mellom grunnskole og vidaregåande opplæring.

All ungdom mellom 16 og 19 år har lovbestemt rett til tre års vidaregåande opplæring som anten gir yrkes- eller studiekompetanse. Læreplanverket for vidaregåande opplæring omfattar generelle og fagspesifikke mål for opplæringa. Den kompetansen elevane og lærlingane skal arbeide mot, er gitt gjennom mål og hovudmoment. Læreplanane er gjennomgåande for alle åra, og på yrkesfaglege studieretningar skal opplæring i skole og bedrift eller institusjon utgjere ein fagleg og pedagogisk einskap. Allmennfagleg opplæring gir studiekompetanse med mogelegheit for ulike typar fordjuping. Yrkesfagleg opplæring omfattar breie grunnkurs og fleire allmenne fag, og ho gir høve til eit vidt spekter av spesialiseringar fram til fag- og sveinebrev eller anna yrkesutdanning. Den yrkesfaglege og den allmennfaglege opplæringstradisjonen er no knytt nærare saman enn tidlegare. Alle studieretningar har nokre felles modular i allmenne fag. Dette kan medverke til å skape felles referanserammer, og det gjer det også mogeleg å kombinere yrkesopplæring med studiekompetanse.

Det finst også opplæring spesielt tilrettelagt for vaksne. Slik tilrettelegging vil m.a. innebere val av innhald, arbeidsformer og vurderingsformer med tanke på å utnytte den erfaringa som vaksne har frå arbeids- og dagleglivet. Læring basert på omfattande bruk av kommunikasjons- og informasjonsteknologi (IKT), kan vere spesielt aktuelt i ein slik samanheng. Vaksne må dessutan ha mogelegheit til å dokumentere kunnskap og dugleik som dei har tileigna seg utanfor det formelle opplæringssystemet. Føremålet er å gi open og brei tilgang til alle typar opplæring og til å kunne få dokumentert ulike typar kompetanse, alt i eit livslangt læringsperspektiv.

Samanhengen mellom grunnskole, vidaregåande opplæring og vaksenopplæring med felles mål og intensjonar kjem spesielt fram i den felles generelle delen av læreplan for grunnskole, vidaregåande opplæring og vaksenopplæring.

Ein stor del av barn, unge og vaksne deltek i frivillig opplæring av ulike typar. Musikk- og kulturskole, opplæring innan idrett, foreiningsliv, ulike former for hobbyverksemd og forskjellige former for friundervisning er viktige supplement til anna opplæring. Dette er også viktige ledd i eit system for livslang læring.

## **Menneskesyn og verdiar**

Kristen tru og tradisjon pregar vår historie og vår samtid. Samtidig er dei humanistiske verdiane, representerte ved m.a. demokratiske og menneskerettslege prinsipp, ein naturleg del av verdigrunnlaget. Det norske opplæringssystemet byggjer på det synet at menneske er likeverdige, og at menneskeverdet er ukrenkjeleg. Opplæringa skal baserast på grunnleggjande kristne og humanistiske verdiar som likeverd, menneskekjærleik og solidaritet. Ho skal gjere barn og unge fortrulege med vår felles kulturarv og medverke til å klargjere etiske prinsipp og normer. Samtidig skal ho førebu for eit samfunnsliv som er basert på fridom og sjølvstende for den enkelte, med ansvar for livet og velferda både til seg sjølv og andre. Opplæringa skal

fremje respekt og toleranse for ulike kulturar og livssyn, og dermed motverke diskriminerande haldningar. Ho skal dessutan fremje moralsk ansvar for det samfunnet og den verda vi lever i. Ho skal gi den enkelte hjelp til å realisere seg sjølv på ein måte som kjem fellesskapet til gode.

Opplæringa skal lære dei unge til å forstå moralske krav og bli fortrulege med det moralske fellesgodset i vår kultur. Dei skal lære å skilje mellom rett og gale, sant og falskt, godt og vondt og kunne ta ansvar for eigne handlingar. Opplæringa skal også vise at mennesket mot betre vitende kan handle på tvers av kva som er rett og sant og til skade for eigne og andre sine behov. Opplæringa må gi livstru og fundament som kan bere gjennom dei tilbakeslaga, krisene og konfliktane som livet byr på. Elevane må bli tekne på alvor, også når dei mislukkast, og få høve til å reise seg og byrje på nytt.

Dei verdiane som er nedfelde i kulturen, har ofte eit samansett opphav og røter i svært ulike tradisjonar. Dei har vorte utvikla gjennom debattar og brytingar, som ofte har medverka til å skape einskap og fellesskap på tvers av oppfatningar og overtydingar. Normer, etikk, sed og skikk kan endrast over tid, og ulike samfunn har ulike reglar for livsførsel. Slike reglar kan gjennomgå endringar og vil ofte vere gjenstand for debatt, refleksjon og kritikk. Opplæringa må klargjere skiljet mellom varige verdiar og normer og reglar som kan endrast, slik at barn og unge både får faste rettesnorar og mot til å ta eigne val.

Opplæringa byggjer også på prinsippet om at det er foreldra som har hovudansvaret for oppsedinga av barna. Derfor skal barnehage og skole arbeide i forståing og samarbeid med heimen.

## **Syn på læring**

Læring går føre seg i familieliv, fritid, barnehage, skole og arbeidsliv. Barn har naturleg trong til å lære. For små barn er sosialt samspel og leik ei grunnleggjande livs- og læringsform. Barn er nysgjerrige og motiverte for å skaffe seg nye erfaringar og kunnskapar gjennom leik og utforsking av omgivnadene sine. Det er den gleden barn viser i leik og andre skapande aktivitetar, opplæringa skal byggje vidare på. Opplæringa skal gi høve til å utfalde seg ut frå eigne føresetnader og i samvær med andre. Læraren skal vere ein ressurs for barn og unge i læringsprosessen og leggje til rette for initiativ og gi fridom til val. Etter kvart som elevane blir eldre, skal dei ha eit aukande ansvar for eiga læring. Opplæringa skal ta omsyn til særtrekk i interesser og åtferd hos gutar og jenter. Ho skal ta utgangspunkt i barn og unge si evne til innleving, oppleving, deltaking, erkjenning og meistring. Ho skal ta sikte på at dei unge tileignar seg kunnskapar, ferdigheiter og haldningar som gir grunnlag for meistring i kvardagslivet i skole, heim, arbeids- og samfunnsliv - også i eit samfunn som stadig er i fornying.

Eit slikt læringsssyn byggjer på at elevane er nysgjerrige, har initiativ, har lyst til å utvikle seg og til stadig å lære og prøve noko nytt. Samtidig som opplæringa skal syte for tryggleik og trivsel hos elevane, er ho forplikta til å gi elevane utfordringar i

samsvar med læreplanane. Ho skal utfordre motivasjonen til elevane og styrkje lysta deira til å gå laus på oppgåvene.

Opplæringa skal fokusere på læring og utvikling hos elevane og syte for at dei har høve til medverknad og individuell utfalding. Læring er eleven eller lærlingen sitt eige verk. Barn, unge og vaksne skal vere aktive, handlande, medverkande og sjølvstendige. Det skal leggjast opp til produktive aktivitetar der utviklinga skjer som ein konsekvens av ein læringsprosess med vekt på initiativ, eigen skapartrong, samvær og samspel, og der det blir gitt høve til leik og til utforskande, skapande og praktiske arbeidsformer.

Tradisjonar for læring gjennom oppleving, arbeid og søking etter innsikt skal takast vare på. Opplæringa skal knytast til praktisk virke og til læring gjennom erfaring, og elevane skal møte teoribasert kunnskap. Opplæringa må samtidig vere forankra i kulturelle tradisjonar.

## **Fellesskap og tilpassing**

Alle har same rett til opplæring uavhengig av bustad, sosial bakgrunn, kjønn, alder, etnisk bakgrunn og funksjonsevne. Det skal vere ei likeverdige og tilpassa opplæring for alle i eit samordna opplæringssystem. Barnehage og skole skal vere ein møteplass der elevane skal vere, virke og lære i fellesskap. Fellesskapstanken blir realisert gjennom utbygging av barnehagar i alle kommunane i landet og gjennom eit opplæringssystem med grunnleggjande like god kvalitet i alle delar av landet.

Opplæringa skal formidle erfaringar frå tidlegare generasjonar, markere ei historisk forankring og ta vare på vår felles kunnskaps- og kulturarv. Med nye minoritetar i norsk barnehage og skole må dei kulturelle felleselementa famne vidare og omfatte andre kulturar. Opplæringa skal leggje vekt på felles referanserammer og gi grunnlag for forståing og fortolking. Ho skal også gi grunnlag for å kunne ta aktivt del i fornying og vidare utvikling innan kultur- og yrkesliv.

Opplæringa skal fremje både nasjonalt og lokalt fellesskap. Læreplanane gir rom for nasjonalt mangfald og sjølvstende, profesjonalitet og fagleg skjøn for institusjonen og lærarane. Opplæringa skal vere prega av lokal aktivitet, slik at initiativ og kreativitet blant lokale krefter kan utnyttast. Både barnehage og skole skal leggje vekt på å styrkje kunnskapen om og tilknytninga til lokalsamfunnet, naturen, lokal kunst og kultur, næringar, tradisjonar og levesett.

Kravet om likeverd blir først oppfylt når det blir teke omsyn til at elevane er ulike i høve til m.a. kulturell bakgrunn, evner, interesser og kjønn. For å kunne ta omsyn til ulikskapar i bakgrunn og føresetnader må opplæringa vere romsleg og inkluderande. Opplæringa skal tilpassast slik at alle blir respekterte og får høve til å oppleve glede ved å lukkast, og kunne meistre dei utfordringane dei får. Nokre elevar vil trenge ekstra oppfølging og hjelp både fagleg og sosialt. Opplæringa skal medverke til at alle får utnytta evnene sine, får eit positivt sjølvbilet og blir motiverte til innsats og til vidare læring og utvikling. Mangfald i bakgrunn og interesser må møtast med mangfald i utfordringar i barnehage, skole og lærebedrift.

## **Allsidigheit og spesialisering**

Ramma for barn og ungdom sine opplevingar og erfaringar er i rask endring. Frå tidleg barndom blir mykje av tida brukt i ei organisert tilvere i ulike opplæringsinstitusjonar og gjennom styrde fritidsaktivitetar. Opplæringa må derfor føre til ei allsidig utvikling hos den enkelte, med vekt på læring, sosialisering og identitetsutvikling. I samspel med andre skal barn få høve til å utvikle ein basiskompetanse i sosial handlingsdugleik og evne til kommunikasjon i vid forstand. Dette skal skje i samspel med andre. Opplæringa skal både gi mogelegheit for fysisk-motorisk utvikling, utvikling av kunnskapar og evner, av personlege og sosiale eigenskapar og av etiske og estetiske perspektiv hos den enkelte. Samtidig skal opplæringa etter kvart som elevane blir eldre, gi mogelegheit for spesialisert kompetanse tilpassa ulike yrke og studium. Eit overordna siktemål er at opplæringa skal medverke til å utvikle “det integrerte mennesket”.

Gjennom eit engasjerande utviklings- og læringsmiljø, som styrkjer elevens sjølvrespekt og tru på eigne føresetnader, skal opplæringa halde ved like og stimulere lysta til å lære meir og til å gå laus på nye og ukjende oppgåver. Opplæringa må gjennom arbeid med grunnleggjande kunnskapar og ferdigheiter gi føresetnader for vidare læring. Ho må gi elevane høve til å prøve ut og bruke ferdigheitene og kunnskapane sine. Ho må vidare fremje miljømedvit og forståing for at vi har eit felles ansvar for å sikre ei berekraftig samfunnsutvikling. Opplæringa skal gi innsikt i demokrati og setje den enkelte i stand til å påverke sin eigen situasjon. Samtidig som alle elevar må utfordrast til allsidig læring og utvikling, må dei også utfordrast til fordjuping og spesialisering. Dette kan skje gjennom ulike differensieringstiltak, prosjektoppgåver, tilval i grunnskolen og gjennom val av studieretning og fag i vidaregåande opplæring.

Utviklinga i samfunns- og yrkeslivet fører til endra kunnskapsbehov i dei fleste typar yrke. Dette stiller krav til høg kompetanse i befolkninga både av allsidig og spesialisert art, til etisk refleksjon og til evne til å kunne ta initiativ og fornye seg.

## **Samisk språk og kultur**

Samisk språk og kultur er ein viktig del av norsk historie og samtid. Å leggje til rette for å ta vare på og vidareutvikle samisk språk, kultur og samfunnsliv er ei sentral oppgåve for opplæringa på alle nivå. Opplæringa har eit todelt sikte.

For samiske elevar skal opplæringa vere med på å fremje samisk identitet og funksjonell tospråklegheit. Det samiske læreplanverket for den 10-årige grunnskolen medverkar til at opplæringa tek vare på og vidarefører den samiske kulturarven. Opplæringa skal ta vare på og vidareutvikle tradisjonar og kunnskapar som samla utgjer det samiske samfunnslivet og kulturfellesskapet. Samtidig skal opplæringa førebu elevane til å fungere godt i det samiske, det norske og det internasjonale samfunnet.

Andre elevar skal få innføring i samisk kultur og samfunnsliv som ein del av fedrelandet sin kultur. Samisk språk, kultur, historie og samfunnsliv er ein del av lærestoffet i

læreplanar for fag i grunnskolen. Samisk litteratur inngår dessutan i norskfaget for alle elevar i vidaregåande opplæring.

## 1.3 Å VERE LÆRAR

### Læreryrket

Læreryrket er samansett og krevjande. Arbeidet som lærar heng nøye saman med personlege eigenskapar og evner lærarar har til å skape sosialt samspel mellom menneske - og dermed kunne tilretteleggje og leie læringsprosessar. Yrket har som føresetnad at utøvaren har omfattande kunnskap, dugleik og innsikt henta frå fleire ulike kunnskapsområde. Det er forventa at lærarane kan opptre både som fagekspertar, kunnskapsformidlarar, rettleiarar, omsorgspersonar, oppdragarar og verdiformidlarar på ei og same tid. Vektlegginga av desse funksjonane er ulik alt etter særpreg på opplæringsinstitusjonen og alderen og funksjonsnivået til elevane.

I historisk perspektiv har dei ulike funksjonane som inngår i læreryrket, også vore tillagde ulik vekt og tyding. Dette blir klart gjenspegla i oppfatninga av læraren som kunnskapsformidlar og kunnskapskjelde i skolen. Mens denne funksjonen tidlegare blei sett på som den viktigaste, er det i dag andre sider som er minst like viktige. Lærarane er ikkje lenger den fremste kjelda til kunnskap slik som i tidlegare tider. I dag kan elevane sjølv innhente kunnskap m.a. frå bøker, radio, fjernsyn og gjennom datakommunikasjon. Det inneber at elevane kan ha ei langt meir aktiv rolle enn tidlegare, og dei har derfor fått eit større ansvar for eiga læring. For lærarane inneber dette at tilretteleggings- og rettleiingsfunksjonen er blitt viktigare.

Lærarar i barnehagen har alltid lagt vekt på det aktive barnet og i stor grad valt fagleg innhald etter barn sine interesser og behov. Rammeplanen for barnehagen har i tillegg gitt barnehagen eit meir forpliktande innhald. Dette fører til at lærarar i barnehagen i større grad enn tidlegare også må fokusere på dei fagområda barna skal møte.

Omfattande endringar i samfunns- og familiestrukturen har verka inn på oppgåvene og arbeidet til lærarane i grunnskolen. Gjennom lover og læreplanar er oppgåver som tidlegare blei ivaretekne av nærmiljøet og heimane, blitt overførde til skolen. Nye oppgåver og utvida ansvar har medført at læreryrket er blitt meir samansett og omfattande enn tidlegare. Dette har medverka til at krava til lærarane sin kompetanse har vorte skjerpa.

I vidaregåande opplæring møter lærarane nye utfordringar m.a. fordi ein større del av ungdomskullet søker vidaregåande opplæring, og fordi mykje av grunnopplæringa har fått ein breiare profil enn tidlegare. Lærarar i yrkesfag har ei særleg utfordring. Bedrifts- og næringsliv gjennomgår raske endringar. Det krev stor innsats av lærarane å halde seg oppdaterte slik at dei kan gi opplæring som er aktuell for lærlingar i møte med yrkeslivet.

Det er vidare rimeleg å rekne med at i tida som kjem, vil ein vesentleg større del av lærarane arbeide med vaksenopplæring. Dette inneber nye utfordringar både av fagleg, pedagogisk og organisatorisk art.

Til alle tider har lærarane sitt møte med elevane og elevane sitt møte med lærestoffet vore det grunnleggjande i all lærargjerning. Samtidig er det viktig å medverke til eit godt sosialt miljø i klassa eller gruppa av elevar. Det som skjer i samspelet mellom lærar og elev og i samspelet mellom elevane innbyrdes, har avgjerande innverknad på veksten og utviklinga hos elevane.

Lærarane sitt arbeid vil ofte vere eit vekselspel mellom omsyn til det som er aktuelt “her og no”, og dei meir langsiktige måla opplæringa siktar mot. Lærarane er forplikta til å la elevane møte det lærestoffet og dei arbeidsmåtene som er nedfelde i planverket, og arbeide systematisk og langsiktig for at alle skal få best mogeleg læringsutbytte. Samtidig må lærarane meistre augneblinkens kunst, vere spontane, ta opp det som elevane er opptekne av, og ta vare på initiativet og livsutfaldinga deira. Dei spontane utfordringane der lærarane må ta raske avgjersler i samspel med elevar i stadig skiftande situasjonar, er ein krevjande del av lærargjerninga. Samspelet med elevane kan vere komplisert fordi enkelte elevar kan ha store åtferdsvanskar. Det er ei vesentleg utfordring både å førebyggje og takle slike problem i forhold til den enkelte og i forhold til klassa.

Ein stor del av lærarane sitt arbeid går føre seg i direkte samspel med elevar og kollegaer. Samtidig er lærarane også aktørar i ein breiare samanheng. Den enkelte barnehagen eller skolen er del av eit større system. Lærarar har derfor også ansvar for kontakt og samarbeid med personar og institusjonar utanfor eigen institusjon.

Oppgåvene til lærarane kan løysast på ulike måtar, og dei vil variere med kva alder elevane er i, og kva karakter verksemda har. Faga som lærarane underviser i, og dei oppgåver den enkelte er pålagd, vil også ha innverknad på det arbeidet som skal utførast. Det er likevel ein del funksjonar som er felles for dei aller fleste lærarar. Nokre slike funksjonar er skissert nedanfor.

## **Læraren som formidlar, tilretteleggjar, arbeidsleiar og rettleiar**

Lærarane skal fungere som faglege ressurspersonar, leggje til rette eit miljø for utvikling og læring og vere arbeidsleiarar og rettleiarar.

Læring og undervisning er ikkje det same. Læring skjer i både formelle og uformelle situasjonar og er noko som skjer med og i den enkelte person. God undervisning set læring i gang, men læringa skjer ved eigeninnsatsen til elevane. Lærarane skal stimulere denne prosessen. Lærarane må møte elevane med respekt og utforme oppgåver som tek omsyn til dei erfaringane elevane har frå før. Lærarane må også hjelpe elevane til å setje ny kunnskap inn i større samanhengar.

Lærarane må kunne det stoffet dei arbeider med, vere engasjerte av det og vite korleis det skal formidlast for å vekke vitelyst og interesse. Dei må vere gode forteljarar, kunne gi inspirasjon og samtidig tilpasse opplæringa til føresetnadene og

mogelegheitene til den enkelte eleven. Det er viktig at ein lærar oppfattar behov for særskilt tilrettelagt opplæring, førebyggjer lærevanskar og er med på å gi tidleg hjelp.

Tilrettelegging av opplæringa er ei viktig oppgåve for lærarane. Dei må kunne leggje til rette det fysiske miljøet slik at det byr på utfordringar og variasjon, på moegelegheiter for leik, eksperimentering og læring. Lærarane må kunne ordne eit laboratorium eller ein verkstad som er funksjonell, sikker og gir moegelegheit for orden og effektivt arbeid. Lærarane skal også kunne leggje til rette for samarbeid med fritidsaktivitetar som skolen driv, med det lokale arbeidsliv og med andre instansar i lokalsamfunnet. Å leggje til rette opplæring for vaksne stiller spesielle krav. Opplæringa skal organiserast ut frå at vaksne ofte har lang livserfaring og spesielle plikter i sitt daglegliv. Det er eit grunnleggjande krav at opplæringa tek utgangspunkt i og vidarefører kunnskapar og erfaringar vaksne allereie har tileigna seg.

Lærarane er leiarar av arbeidsfellesskapet i klassa eller gruppa av elevar. Det er deira oppgåve å stå fram som tydelege leiarar som tek ansvar for å organisere verksemda med tanke på målretta verksemd, arbeidsglede, godt samarbeid og utvikling av venskap. Når det gjeld ulike typar lærarsamarbeid, må lærarane kunne ta formelt eller uformelt leiaransvar. Som leiarar har lærarane ansvar for at opplæringa er i samsvar med lov og læreplanverk.

Gjennom rettleiing skal lærarane medverke til at elevane utviklar seg fagleg, personleg og sosialt. Rettleiing føreset at lærarane er faglege ressurspersonar, og at dei forstår kvar i læringsprosessen elevane er. Lærarane må observere prosessen, inspirere, stille spørsmål og medverke til at elevane kan tenkje og handle nytt. Elevane må få tilbakemelding på arbeidet sitt. Etter som elevane blir eldre, må dei få rettleiing i å ta ansvar for eiga læring, setje mål for eige arbeid, vurdere eigen innsats og resultatet av arbeidet. Elevane skal også delta i vurdering av læringsmiljøet ved institusjonen.

## **Læraren som medarbeidar overfor kollegaer, foreldre og lokalsamfunn**

I all lærargjerning har samarbeid mykje å seie. Personalet skal fungere i eit fellesskap som deler ansvaret for utvikling av både institusjonen og elevane. Med ulike kunnskapar og ulik dugleik skal lærarane kunne utfylle og supplere kvarandre i eit kollegium. Lærarkollegiet skal framstå som ein ressurs for den enkelte elev når det gjeld læring og utvikling.

Den enkelte barnehagen og skolen skal med utgangspunkt i nasjonale planar ta felles avgjersler i forhold til lokale planar. Lærarane må kunne arbeide saman - innanfor og på tvers av avdelingar, klasser, trinn og fagseksjonar. Dei må kunne samarbeide om planlegging, gjennomføring og vurdering av verksemda til institusjonen. Med utstrekt bruk av arbeid på tvers av fag blir det stilt store krav til felles planlegging. Det same gjeld samarbeid med assistentar eller samarbeid der to eller fleire lærarar har ansvar for same elevgruppe.

I vidaregåande opplæring er samarbeid mellom allmennfaglærarar og yrkesfaglærarar og mellom yrkesfaglærarar med ulike fagbakgrunn spesielt viktig. Eit slikt samarbeid krev kjennskap til og respekt for kvarandre sin opplæringstradisjon, bakgrunn og spesifikke kompetanse.

Med nye yrkesgrupper knytte til verksemda i barnehage, skole og anna opplæring, må lærarane kunne samarbeide med ulike personar og instansar. Dei må samarbeide med morsmåslærarar, assistentar og personalet i skolefritidsordninga. Dei må også samarbeide med den pedagogisk-psykologiske rådgivingstenesta, barnevernet og eventuelt med oppfølgingstenesta. Dette kan bare fungere etter føremålet dersom medlemmene i fellesskapet samarbeider om å realisere felles mål i samsvar med dei nasjonale planane.

Foreldra har hovudansvaret for oppfostringa av barna sine. Kontakt mellom barnehage og skole og foreldre er derfor av avgjerande verdi. Lærarane må leggje vekt på å utvikle eit nært samarbeid med heimane. Samarbeidet må baserast på gjensidig respekt og vilje til å setje eleven i sentrum. Ein føresetnad for samarbeid er god kommunikasjon og gjensidig informasjon. Foreldre med framandkulturell bakgrunn, foreldre til barn med særlege behov og foreldre som ikkje lever saman, representerer på ulike måtar spesielle utfordringar.

Foreldre skal ha høve til å vere aktive med i utviklinga av barnehagen og skolen. Engasjementet til foreldra er svært viktig for motivasjonen til barn og unge og for val av vidare skolegang og yrke. Rettleiinga frå lærarane har størst gjennomslagskraft når lærarane samarbeider med foreldra. Å skape eit godt foreldreengasjement er derfor viktig langt opp i ungdomsalderen. Men samarbeidet med foreldra har ulike form på ulike trinn i opplæringa. Oppdraget til skolen i foreldresamarbeidet blir endra etter kvart som elevane nærmar seg myndighetsalder. Dei unge blir gradvis meir sjølvstendige og må ta meir ansvar for eiga utvikling og eigne val.

Barnehage og skole har medansvar for utviklinga av det samla oppvekstmiljøet til barna. På alle nivå skal barn og unge gjere seg kjende med nærmiljøet og lokalsamfunnet. Samarbeid med musikk- og kulturskole, kulturliv, foreiningsliv og arbeidsliv i nærmiljøet kan gjere opplæringa spanande og meir verdifull. Barnehage og skole bør ha kontakt med frivillige organisasjonar, kyrkjelydar og lokale styresmakter. Det kan vere aktuelt med eit samarbeid med lokalt arbeidsliv m.a. med lokale arbeidstakar- og arbeidsgivarorganisasjonar. Eit gjensidig, aktivt og konstruktivt samarbeid mellom lokalsamfunn, arbeidsliv og skole kan medverke til å utvikle entreprenørskap, for eksempel gjennom elevbedrifter og andre samarbeidstiltak.

I yrkesopplæringa vil godt samarbeid med bedrifter og arbeidsliv vere avgjerande for at elevane skal få god og realistisk yrkesopplæring. Samarbeid mellom bedrift og skole vil også kunne medverke til å styrkje kompetansen til lærarane og deira mogelegheit for å følgje med i utviklinga i yrkeslivet.

## **Læraren som førebilete**



Lærarane vil i mange samanhengar vere førebilete for elevane. Det inneber at lærarane må setje klare krav til seg sjølve på same måte som dei set krav til elevane. Lærarane må våge å stå fram som gode eksempel når det gjeld haldningar og innstillingar som opplæringa skal formidle. Å vere eit godt førebilete føreset respekt for den enkelte, for faga og for eige og andre sitt arbeid. Lærarane må vere førebilete m.a. gjennom sitt engasjement i fagleg arbeid og gjennom evne til samarbeid med andre.

Dette føreset at elevane identifiserer seg med lærarane, og at elevane opplever lærarane som personar som likar dei, vil dei vel, respekterer deira integritet, er rettferdige og samtidig merksame overfor ulike føresetnader og behov. Lærarane må vere personar som elevane kan stole på og snakke ope med. Dei må ta seg tid til å rettleie den enkelte elev med respekt for dei erfaringane og ressursane han eller ho har. Lærarane må vise at dei har tru på at alle barn, unge og vaksne har mogelegheiter, og at dei stadig er i utvikling. På den måten kan dei få framtidshåp og tillit til sine egne evner.

I eit fleirkulturelt samfunn er det svært viktig å ha lærarar med innvandrarbakgrunn med tanke på funksjonen som førebilete og den mogelegheita elevane har for å identifisere seg med læraren.

## **Læraren som omsorgsperson**

Endringane i samfunnet med utvida institusjonalisering har gitt barnehagen, skolen og skolefritidsordninga større omsorgsoppgåver.

Rammeplanen for barnehagen byggjer på eit læringssyn der læring og omsorg utgjer ein heilskap. Læring og omsorg står sentralt også i arbeidet i grunnskole og vidaregåande opplæring. Optimal utvikling og læring skjer først når grunnleggjande behov blir tilfredsstilte. Å oppleve god omsorg gir grunnlag for læring, samtidig som det å leggje til rette for allsidig utvikling og læring, er god omsorg. Denne vekselverknaden er grunnleggjande i all opplæring, men dei praktiske omsorgsoppgåvene til læraren blir endra i takt med alderen til elevane.

Elevane kjem til skolen med lærelyst, med behov for å bli tekne på alvor, for å bli avhaldne som dei dei er, og med trong til utfordringar. Lærarane bør vise omsorg ved å møte barna og dei unge både med forventningar og krav, og med velvilje og varme. Omsorga kan ytre seg som sjenerøsitet, det vil seie at lærarane tek ansvar for elevanes ve og vel, og med vilje til å yte ein ekstra innsats når elevane sine behov tilseier det. Omsorga viser seg også i førebuinga til dei daglege oppgåvene og i viljen til å gi kvar enkelt den menneskelege støtte og faglege hjelp som er nødvendig for framgangsrik utvikling. Opplæringa skal møte barn, unge og vaksne på deira egne premisser. Alle elevar må få utfordringar, støtte og hjelp - men dei som kjem til kort og som står i fare for å miste motet, krev særleg merksemd og omsorg.

God omsorg inneber å vise respekt for heimen til elevane og gi elevane mogelegheit til positiv identitetsutvikling med tilknytning til sin eigen kulturelle bakgrunn. Samtidig skal opplæringa også byggje bruar mellom ulike kulturar.

Omsorg inneber både å gi mogelegheit til positiv utfalding og å setje grenser. Lærarane må ha eit kunnig blikk som set dei i stand til å registrere og oppmuntre til positiv sosial åtferd, og til å setje inn tiltak mot uheldig elevåtferd og mobbing. Å førebyggje og hindre åtferdsproblem er ein viktig del av lærargjeringa. Lærarane må arbeide for at alle elevane i ei klasse eller gruppe skal oppleve tilhørsel, samtidig som dei må ta omsyn til at elevane er ulike og må møtast på ulik måte. Det er viktig at lærarane er observante og lydhøre overfor dei signala som kjem frå barn og unge om behov for omsorg og støtte.

Barn og unge som opplever livskriser, for eksempel møter sjukdom, død, skilsmisse, incest eller blir mobba og utstøytte frå fellesskapet, vil i periodar krevje ekstra omsorg. Omsorgsoppgåvene til lærarane føreset grunnleggjande kunnskap om kva slags behov barn og unge har. Dei må oppfatte når ein elev treng hjelp og vere fortrulege med alders- og utviklingsbestemde endringar. Dei må kjenne att symptom som viser behov for å setje inn spesielle tiltak for enkeltelevar. Dei må også vite kvar og korleis dei skal søkje hjelp dersom elevar treng meir omsorg enn det barnehagen eller skolen kan gi.

Elevane sjølve kan vere viktige som omsorgsgivarar. Dersom lærarane er omsorgsfulle, hjelper dei også barn og unge til å ta omsyn til og vere omsorgsfulle overfor kvarandre.

## **1.4 OPPGÅVER OG MÅL FOR LÆRARUTDANNINGA**

### **Formål**

*Lærerutdanning skal gjennom undervisning, forskning og faglig utviklingsarbeid, gi den faglige og pedagogiske kunnskap og praktiske opplæring som er nødvendig for planlegging, gjennomføring og vurdering av undervisning, læring og oppdragelse. Utdanningen skal ta utgangspunkt i ulike forutsetninger hos elever og barnehagebarn og være i samsvar med målene for det opplæringsnivå utdanningen sikter mot. Utdanningen skal fremme studentenes personlige utvikling og yrkesetiske holdning, utvikle evne til refleksjon, vekke interesse for faglig og pedagogisk utviklingsarbeid som er relevant for arbeid i skole og barnehage, og gi forståelse for sammenhengen mellom læreryrket og opplæringssystemets funksjon i samfunnet. (UH-loven, kapittel 10a, §54a)*

### **Yrkesutdanning i samsvar med behova i samfunnet**

Lærerutdanninga skal dekkje behova i samfunnet for lærarar på alle trinn og i alle delar av opplæringsystemet. Lærerutdanningsinstitusjonane må derfor tilby utdanning i alle aktuelle fag, fagområde og arbeidsområde. I tillegg til pedagogisk arbeid med barn og unge skal lærarutdanninga i større grad enn tidlegare også førebu for arbeid med vaksenopplæring.

Lærerutdanninga er ei yrkesutdanning på universitets- og høgskolenivå. Det inneber at krava til akademisk standard i forskning og undervisning er dei same som for anna

utdanning på dette nivået. Samtidig har lærarutdanninga sitt særpreg ved at alle delar av utdanninga skal vere retta mot læraryrket. Lov og rammeplan for barnehagen, opplæringslova og læreplanverka for skoleslaga er derfor eit forpliktande grunnlag for lærarutdanninga. Særpreget til utdanninga må ivaretakast så vel gjennom innhald, arbeids- og vurderingsformer som gjennom eit samla studiemiljø.

Både den generelle utviklinga i samfunnet og endringar i opplæringsssystemet føreset stadig ny kunnskap hos lærarane. All grunnutdanning for lærarar må derfor utformast slik at ho inspirerer til og gir høve til å kvalifisere seg vidare gjennom etter- og vidareutdanning og forsøks- og utviklingsarbeid.

Den kompetansen lærarstudentane skal utvikle gjennom studiet, kan grupperast i fem hovudområde:

## **Fagleg kompetanse**

Allsidig opplæring som både gir fordjuping og set lærestoffet inn i eit breitt perspektiv, krev at lærarane har solide kunnskapar og sikre ferdigheiter av så vel teoretisk som estetisk og praktisk art. Solid fagkunnskap og dugleik i arbeidsformene til dei ulike faga er viktig, fordi det gir tryggleik i møte med elevane og lærestoffet. Lærarane skal vere faglege ressurspersonar som skal kunne leggje til rette for læring, svare på spørsmål frå elevane og vise veg til å finne svar.

God fagleg kompetanse er nødvendig for at lærarane skal kunne formidle og illustrere med allsidig eksemplifisering. Det krevst solide faglege kunnskapar og dugleik når lærarane fungerer som arbeidsleiingar for elevar som arbeider med prosjekt eller med tverrfaglege oppgåver. Lærarane sine kvalifikasjonar blir utfordra når dei skal rettleie elevar gjennom eksperimentering, problemløysing og eige arbeid. Å omsetje kunnskap til praktisk handling, som for eksempel i yrkesopplæringa, er ei særleg utfordring.

Lærarstudentane må derfor tileigne seg faglege kunnskapar og dugleik. I nokre fag vil også arbeidsteknikkar og bruk av reiskap, verktøy og materiale vere ein viktig del av innhaldet i faget. Lærarutdanninga skal ta utgangspunkt i læreplanane for den delen av opplæringsssystemet som utdanninga skal førebu for. Studentane må tileigne seg kunnskap om sentrale perspektiv, teoriar, omgrep og arbeidsformer i dei ulike faga, og om korleis faga blir nytta i yrkes- og samfunnsliv. Dei må også vite noko om korleis ein innan dei ulike faga arbeider for å vinne ny kunnskap. Studentane må kunne sjå forskjellane og likskapane mellom studiefaga og opplæringsfaga og korleis kunnskapsstoff frå dei enkelte faga kan nyttast i tverrfagleg temaorganisert opplæring og prosjektarbeid. Dei må kjenne måla og verkemidla for opplæringa i det enkelte faget i heile opplæringsssystemet, men med særskilt vekt på den delen av opplæringsssystemet dei sjølve utdannar seg for.

Arbeidet med faga skal fremje både fagleg og personleg utvikling hos lærarstudentane, og gi dei kompetanse for lærargjeringa. Det faglege arbeidet skal også gi grunnlag for å kunne halde seg fagleg og pedagogisk à jour etter fullført grunnutdanning.

## Didaktisk kompetanse

Didaktisk kompetanse skal tene to hovudformål. Gjennom arbeidet med dei didaktiske delane i studiet skal studentane både utvikle grunnlag for refleksjon over eiga verksemd og praktisk ferdigheit i lærararbeid. Didaktikk omfattar både generell didaktikk og didaktikk knytt til dei enkelte faga eller yrkesfaga.

Didaktisk kompetanse inneber evne til refleksjon omkring formålet med opplæringa, innhaldet i læreplanen, føresetnadene til elevane og behova og moglegheitene som ligg i rammevilkåra til den enkelte barnehagen, skolen eller annan opplæringsinstitusjon. Ut frå slike refleksjonar må den enkelte lærar vise fagleg og praktisk innsikt ved å velje og leggje til rette det faglege innhaldet, arbeidsmåtene og samværsformene. Den praktiske gjennomføringa føreset stadige vurderingar og justeringar.

Gjennom utdanninga skal lærarstudentane utvikle evne til refleksjon gjennom innsikt i pedagogisk grunnlagstenking og ved analysar av opplæringssystemet i dag, men også i eit historisk, komparativt og sosiologisk-kulturelt perspektiv. Dei skal trene seg i å reflektere omkring barnehage, skole og yrkesopplæring som delar av eit større system.

Studentane skal gjere seg kjende med basale prinsipp for læring og motivasjon, med grunnleggjande behov hos barn, unge og vaksne, med alders- og utviklingsbestemte endringar i åtferda deira og med barn og unge sin mentalitet under ulike oppvekstvilkår. Dei skal forstå kor viktig sjølvtilitt, tryggleik og meistring er for lærelyst og læringsevne. Med dette som utgangspunkt skal studentane vurdere korleis dei som lærarar, kan tilpasse opplæringa til ulike alders- og utviklingstrinn. Arbeidet skal omfatte elevar både frå majoritetsbefolkninga og frå minoritetskulturar.

Lærarstudentane må utvikle evna til å kunne analysere og realisere læreplanar både aleine og i samarbeid med andre. Med utgangspunkt i lover, læreplanar og andre forskrifter skal dei reflektere over og få trening i å utarbeide lokale arbeidsplanar og individuelle opplæringsplanar. På den måten vil dei kunne utvikle evne til å avvege forholdet mellom felles lærestoff og lokalt og individuelt tilpassa stoff. Studentane må kunne ta ansvar for at elevane systematisk byggjer opp kunnskapar, dugleik og haldningar. Dei må kjenne til og kunne praktisere arbeids- og vurderingsformer som blir nytta i opplæringa, og vite korleis dei kan nyttast i ulike situasjonar.

